



**Naturvernforbundet  
i Sogn og Fjordane**

Den 24. mai 2016

Norges vassdrags- og energidirektorat  
Konsesjonsavdelinga  
Postboks 5091 Majorstuen  
0301 Oslo  
[nve@nve.no](mailto:nve@nve.no)

## **Fråsegn til vassdragspakke Lærdal – søknader om å byggje tre småkraftverk**

### **Øvre Kvemma kraftverk**

#### **Kort om planen**

Frå inntak 775 moh. vil søkjaren, Grønnkraft AS, ta inn både Kvemma og Volldøla i to bora tunnelar ned til samlop i ei røyrgate fram til kraftstasjonen på 428 moh. Middelvassføringa i Kvemma er 1,09 m<sup>3</sup>/s og i Volldøla 0,34 m<sup>3</sup>/s. Søknaden legg opp til ei maksimal slukevne på 3,3 m<sup>3</sup>/s. I månadene mai til og med august er medianvassføringa periodevis over 3 m<sup>3</sup>/s. Den planlagde minstevassføringa er 150 l/s om sommaren i Kvemma og 50 l/s i Volldøla. Til saman i dei to elvane vert vassføringa sterkt redusert over nesten fire kilometer.

Ein alternativ søknad femner om berre Kvemma, slik at Volldøla får renne fritt.

#### **Verdiar og konsekvensar**

Det går fram av konsekvensutgreiingane at begge elvane renn gjennom fleire hundre meter lange bekkeklofter, utskilde som eigne naturtypar. I Volldøla er det skilt ut tre fossesprutsoner. Ved dei nedre delane er store areal naturbeitemark. Vegetasjonen, særleg

langs Kvemma, er artsrik og med tydeleg preg av god tilgang på næring og kalk. Etter omtalen står vegetasjonen fram som frodig, med stor produktivitet og diversitet. Dette er klassiske kriterium for areal som det er viktig å ta vare på, men i fagrapporten for Kvemma har dei areala som ikkje er særskilt avgrensa naturtypar, fått liten verdi.

Etter vår oppfatning er dette uttrykk for ei fragmentert oppfatning av naturen, ikkje ei økologisk fundert oppfatning av samspelet mellom edafiske, lokalklimatiske og biotiske faktorar. Dette er ei innvending mot fagrapporten. Ei anna innvending er at når der finst truga eller nær truga artar som kan bli påverka, må verdien ut frå forvaltningsmåla i naturmangfaldlova vere stor. Det fører fagleg på avvegjar å konkludere med ein slags gjennomsnittsverdi, som forfattaren har gjort på side 21, ved å setje stor verdi av raudlista opp mot ei rekkje andre eigenskapar som har liten verdi, og komme ut med ein middels valør.

Frå før er det registrert ei rekkje raudlista artar langs elvane. Det dreg i same retning som den generelt rike vegetasjonen elles. Fagrapportane viser til at forfattarane har nesten ikkje oppdaga fleire raudlista artar i elvegjela, der den direkte påverknaden av mindre vassføring ville vere størst. Unnataka er kort trollskjegg og sprikeskjegg, begge nær truga, i elvegjelet langs Kvemma.

Manglande funn kan ikkje NVE ta som dekning for at fleire sjeldne og raudlista artar ikkje finst. Dei øvre 500 meter av Volldøla er ikkje undersøkt, og heller ikkje for Kvemma dokumenterer fagrapporten eit arbeid som er fagleg dekkjande. I begge rapportane verkar det som forfattarane går på vaklande føter når dei har sett verdi på området og konsekvensgrad av inngrepet. Rådgivende biologer AS har oppdaga nokre raudlista fuglar og pattedyr; av vegetasjon har dei berre tidlegare funn å liste opp, og dei har konkludert med liten konsekvens for raudlista artar.

Basert på den generelt artsrike vegetasjonen, dei registrerte naturtypane og listene over truga artar, meiner vi at verdien av influensområdet for begge elvane fortener karakteristikken stor, og at konsekvensen for biomangfald og naturvern er stor eller middels-stor. Bak dette standpunktet ligg òg – i tillegg til det som er kjent – at risikoen er stor for at forfattarane har oversett artar som kan vere viktige å ta omsyn til. I det eine tilfellet er det opplyst at ein annan enn den personen som var i felt, har namnsett mosar og lav. Då er det liten grunn til å tru at personen i felt har vore i stand til å oppdage artar som for han eller ho er ukjende, og ofte vanskeleg å oppdage også for dei med god artskunnskap.

Forfattarane har presisert at deira konklusjon om konsekvensane er basert på at deira funn av artar er fullstendige. Dei skriv:

”Under forutsetning av at det ikke finnes andre verdifulle naturtyper, viltområder eller leveområder for sjeldne arter innenfor influensområdet, som undertegnede har oversett, er samla konsekvens vurdert rett i henhold konsekvensvifte fra Statens vegvesen (2006).”

At mykje av vesentleg verdi er oversett i dei fleste småkraftrapportane, er svært sannsynleg etter dokumentasjonen i NVE-rapport 102/2015 (Gaarder, G. og T. Høitomt: *Etterundersøkelser av flora og naturtyper i elver med planlagt småkraftutbygging*). Ein liknande rapport om Gjengedalsgjelet viser same tendensen. Vi meiner difor at NVE må ta omsyn til potensialet for viktige verdiar der det er grunn til å tru at slike kan finnast. I lange elvegjel mellom artsrik og høgproduktiv vegetasjon – som langs Kvemma og Volldøla – er eit slikt potensiale svært sannsynleg.

Eit sterkare uttrykk for verdi og konsekvens enn det som står om i fagrapporten, er også rimeleg ut frå den kjensgjerninga at det er få elvar igjen i fri tilstand i Lærdal og at mange artar er borte frå tidlegare vekseområde. Frå Aurlandsdalen er det kjent at redusert vassføring der i stor grad har påverka den elvenære kryptogamvegetasjonen.

Hypotesen i begge rapportane om Øvre Kvemma kraftverk, at minstevassføringa er stor nok til å hindre større endring av floraen etter utbygging, kjenner vi ikkje til at det er fagleg dekning for. I Aurlandsdalen fann Arvid Odland store endringar der mykje fosserøyk forsvann etter utbygginga (Odland, A. 1990 *Endringer i flora og vegetasjon som følge av vannkraftutbyggingen i Aurlandsdalen*. N1NAForskningsrapport15: 1-76). Dei meir tørketolande plantene, som elles lever på store areal, tok over mange stader der vassdrivet vart borte. Kva som vert resultatet i tronge elvegjel når det går lang tid mellom flaumtoppane, og dei er mindre enn før, er i beste fall usikkert.

Vi vil vidare hevde, med utgangspunkt i kravet om å vurdere samla påkjenning, at Kvemma og Volldøla er rike og varierte økosystem som er veileigna til å ta vare på leveområde som det er sannsynleg har gått tapt ved andre utbyggingar i Lærdal.

Dersom NVE vurderer å gje konsesjon i dette tilfellet, meiner vi at NVE må krevje tilleggsregistreringar i elvegjela. Særleg gjeld dette dei øvre delane av Volldøla, der også Rådgivende Biologer har gått inn for meir kunnskap før konsesjonsspørsmålet vert avgjort.

Langs Kvemma og Volldøla går det turstiar som er mykje brukte, etter det vi får opplyst. Rundturar langs begge elvane er vanleg. Tapet av lokale opplevingsverdiar er etter vår oppfatning eit punkt som må telje som kostnad og ulempe ved utbygginga.

## **Konklusjon**

Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane går klart i mot å gje konsesjon til Øvre Kvemma kraftverk. Vi meiner mykje taler for at dei negative konsekvensane for biologisk mangfald og naturverdiar elles vil vere store eller middels-store. Potensialet for så langt ukjende artar er etter vår oppfatning stort, og det taler mot utbyggingsløyve. Økosystema er velegna nisjar for mange artar over ein heller stor høgdegradient. Å la elvane renne er eit godt tiltak for å hindre at den samla påkjenninga i Lærdal vert for stor. Dersom NVE vurderer å gje konsesjon, må direktoratet krevje tilleggsutgreiingar av heile elvegjela, ikkje minst i den øvre delen av Volldøla.

Alternativet med utnytting av berre Kvemma vil gjere mindre samla skade enn å ta Volldøla med i prosjektet.

## **Tynjadalen kraftverk og Fosseteigen kraftverk**

Vi har ikkje hatt høve til å vurdere desse søknadene like grundig som for Øvre Kvemma. Vi meiner likevel å ha grunnlag for denne konklusjonen: Skadane ved å byggje ut Tynjadalen og Fosseteigen er mindre enn for Øvre Kvemma, der konsekvensane og potensialet for funn av fleire sjeldne artar etter vår oppfatning er større enn det som går fram av konsekvensutgreiinga.

## **Samla konklusjon**

Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane meiner at det store kraftoverskotet i Norden, og det at så få elvar framleis renn fritt i det aktuelle distriktet, tilseier å seie nei til alle dei tre søknadene i Lærdalspakken.

Viktigast er det likevel å la Kvemma og Volldøla renne. Skadane ved å byggje ut i Tynjadalen er etter alt å dømme mindre for artslivet, landskapet og friluftslivet.

Med helsing

Erik Solheim (sign.)  
rådgjevar